

Høyringsinnspel frå Noregs Mållag til NOU: 2020:15 Det handler om Norge

Noregs Mållag har lese NOU 2020:15 «Det handler om Norge - Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene» med stor interesse og vil kome med nokre innspel til temaet demografi og språklege konsekvensar av nokre av dei temaa utvalet tek opp.

Med bakgrunn i den nye språklova, som ligg an til å bli vedteken i Stortinget i løpet av våren, meiner me utvalet burde sett på kva konsekvensar distriktpolitiske trendar og tiltak har for nynorsk språk.

I føremålet vert det offentlege sitt ansvar klart slått fast:

§ 1 Føremål

Føremålet med lova er å styrkje norsk språk, slik at det blir sikra som eit samfunnsberande språk som skal kunne nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg. Lova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk og sikre vern og status for dei språka som staten har ansvar for.

Føremålet med lova er også å sikre at

- a) offentlege organ tek ansvar for å bruke, utvikle og styrkje bokmål og nynorsk*
- b) offentlege organ tek ansvar for å bruke, utvikle og styrkje samiske språk, jf. reglane i sameloven kapittel 3*
- c) offentlege organ tek ansvar for å verne og fremje kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk.*

Ansvaret etter andre ledd bokstav a omfattar eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka norske skriftspråket.

I merknadene til § 1 i er dette presisert:

Tredje ledd lovfestar eit prinsipp om å vurdere situasjonen for nynorsk som mindretalsspråk spesielt – til dømes i politikktvikling eller regelverkspraktisering som gjeld norsk språk.

Sentralitet og folketalsnedgang

Det er 118 norske kommunar som har nynorske skulekrinsar. Av desse er 80 kommunar i sentralitet 5 eller 6 i SSB sin sentralitetsindeks. Det vil seie at heile 38 prosent av dei mest grigrendte norske kommunane anten er nynorskkommunar eller har nynorske skulekrinsar. Og 67 prosent av dei kommunane som produserer nye nynorskbrukarar, ligg i dei områda i Noreg med størst folketalsnedgang. Det kan få konsekvensar for stoda til nynorsken.

Utvalet viser til at kommunar på sentralitet 6 samla har hatt ein nedgang i folketalet frå 1966 til i dag på 27 prosent, medan folketalet har vore relativt stabilt i kommunane på sentralitet 5 (s.33).

Noregs Mållag har lenge sett at nedgangen i talet på nynorskelevar i grunnskulen (rapportert i GSI) fyrst og fremst kjem av nedgang i talet på ungar. Oppland er eit godt døme på det. På ti år har talet på nynorskelevar i Oppland gått ned med om lag 1000 elevar. Dette talet er nesten identisk med den samla nedgangen i talet på ungar i dei nynorske skulekrinsane i Oppland, som ligg i Valdres og Nord-Gudbrandsdalen. Alle desse kommunane ligg i sentralitet 5 og 6. Ringebu i gamle Oppland er den einaste Opplands-kommunen på sentralitet 5 som ikkje har nynorskelevar. Det vil seie at alle resten av kommunane på sentralitet 5 og 6 i gamle Oppland er kommunar med nynorske skulekrinsar, og at alle nynorskkommunane i Oppland er på sentralitet 5 og 6. Den demografiske utviklinga til desse kommunane har såleis direkte innverknad på nynorskstatistikken.

Utvalet skriv at hovudalternativet i SSB sine nye framskrivingar syner eit relativt stabilt folketal i distriktskommunar på sentralitet 5 og 6 fram til 2040, men ein markant vekst i både tal og delen eldre. Trass i stabilitet syner tala at me kan vente nedgang i tal unge og folk i yrkesaktiv alder (s. 33). Det tyder at trass i at folketalssprognosane er stabile i desse kommunane, vil talet på nynorskelevar halde fram med å gå ned.

Dei fleste kommunar med nynorske skulekrinsar ligg i dei kommunane med anten stabilt folketal eller nedgang i folketal. Medan flest folk bur i vekstområde kring Oslo utan nynorske folkekrinsar. Difor ville prosentdelen nynorskelevar gå ned sjølv om elevtalet var stabilt, berre i kraft av at det prosentvis bur og flyttar til fleire i vekstområdet kring Oslo enn i t.d. Nord-Gudbrandsdalen.

Mange av kommunane med sterk folkevekst og med nynorske skulekrinsar ligg rundt storbyar, som er grunnen til veksten. Her ser me at den sterke folkeveksten er med på å setje nynorsken under press. For 30 år sidan var det 5500 bokmåselevar i Sandes og 550 nynorskelevar. Medan talet på bokmåselevar er dobla til 10.196, har talet nynorskelevar halvert seg til 274. Same tendensen ser me i Askøy, som er ein vekstkommune rett utanfor Bergen. Her var det for 30 år sidan 2357 bokmåselevar og 236 nynorskelevar, medan tala i dag er 4341 bokmåselevar og 54 nynorskelevar.

Det finst rett nok unntak. Time kommune nær Stavanger har stor folkevekst utan at veksten i bokmåselevar vert større. I Meland utanfor Bergen veks elevtalet veldig, og sjølv om talet på bokmåselevar veks, så veks òg talet på nynorskelevar.

Sentralisering påverkar såleis stoda for nynorsken. Det er ein konsekvens av utviklinga som dei som er sette til å verne og hegne om nynorsken, må sjå. Distriktpolitikk er òg språkpolitikk. Politikk som sentraliserer tenester og folk, svekkjer nynorsk. Dette er ei utfordring som me deler med dei samiske språka. For sjølv om nynorskbrukarane bur spreidd over heile Noreg, og nynorsk er eit språk for alle i Noreg, så vert i hovudsak nye nynorskbrukarar i dag produserte i området som strekkjer seg frå nord i Agder, gjennom delar Telemark og Hallingdal, Valdres og Gudbrandsdalen og til store delar av Vestlandet.

- **Distriktpolitikken er eitt av desse områda der politikken klart og tydeleg påverkar stoda for nynorsken. Distriktpolitikk er òg språkpolitikk, det må dei som utformar distriktpolitikken ta med.**

Statlege tenester

Stoda for nynorsken er, som for alle andre mindre brukte språk, avhengig av status og bruk. At kommunar, fylkeskommunar og stat bruker nynorsk aktivt og bidreg til at språket vert sett rundt om i lokalsamfunna, er viktig for å halde oppe statusen og såleis også bruken.

Regionale statsorgan, tingrettar, politi, sjukehus og andre sentrale institusjonar er viktige for mengda og tyngda av slik språkeksponering. På mange måtar kan ein nytte utvalet sin eigen teori om «rural eksponering» på nynorsken. For å halde språket oppe er brukarane påverka av graden av «nynorsk eksponering». Dess meir nynorsk eksponering, dess meir nynorskbruk.

Til tross for at den eksplisitte distriktpolitikken fokuserte på næringsutvikling, var utbyggingen av velferdssektorene i distriktene vel så viktig for den regionale utviklingen. Viktige områder var videregående skoler, distriktshøgskoler og universitet, sykehus, kulturinstitusjoner og kortbaneflyplasser (s. 68).

I nynorskområda vart alle desse viktige distriktstiltaka viktige nynorske institusjonar og var med på byggje opp og konsolidere stoda for nynorsken i dei områda der han i dag står sterkast.

Sentralisering og nedbygging av desse tenestene vil svekkje nynorsk, særleg i dei områda der han alt er under press, i utkanten av nynorskområda.

Sentralisering av tingrettane er eit slikt døme. Domstolreforma vil frå i år gjere om tenestemålet i 4 av dei 9 nynorske tingrettane frå nynorsk til nøytralt. Jæren, Vest-Telemark, Hallingdal, Valdres og Nord-Gudbrandsdalen går alle inn i ein tingrett med nøytralt tenestemål. Dette vil presse det nynorske juridiske språket endå meir og fjerne viktige nynorske arbeidsplassar og tekstprodusentar.

- **Språkpolitiske vurderingar må vere eit kriterium i retningslinjene og rettleiaren for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon.**

Digitalisering

Digitalisering av offentlege tenester er unekteleg eit stort pluss, og å kunne gjere fleire offentlege tenester tilgjengeleg i heimane til folk er ei utvikling som lettar liva til svært mange.

Nasjonale og regionale statsorgan er underlagde språklova. Ho sikrar at nynorskbrukarane skal kunne sjå nynorsk rundt seg og at dei skal få svar på eige språk når dei vender seg til staten. Når tenester som før har vore lokale vert sentraliserte, skjer det ofte ut av nynorske distriktskommunar og inn til større bykommunar utan ein sterk nynorsktradisjon. Det kan vere NAV-kontor, lensmannskontor eller skatteoppkrevjaren. Då kan det som før var ein sikker leverandør av nynorsk språk, verte ein stor sentral aktør der nynorsken forsvinn.

Mange av dei store sentrale nasjonale digitale tenestene bryt alt i dag lova. NAV er av dei største ytarane av digitale tenester, som vi alle må innom éin gong, eller fleire, i løpet av livet. Dei er òg ein gjengangar i klagene på brot på reglane om nynorskbruk. Ifølgje Språkrådet sin statistikk for 2019 har NAV 6,6 % nynorsk på nettsidene sine. Dei har heller ikkje opna for nynorsk som eige språkval, slik mange offentlege nettsider har. Det er ille at ein så stor og viktig etat ikkje tek dei lovfesta rettane til nynorskbrukarane på alvor.

- **Difor er det viktig at når slike tenester som no kan utførast uavhengig av stad vert sentraliserte, så skal dei følgje språklova. Den nye lova seier eksplisitt at staten har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka norske skriftspråket. Då må staten hindre at ei sentralisering og digitalisering av desse tenestene ikkje berre gjer dei til bokmålstenester.**

Desentralisering av statlege arbeidsplassar

Røynslene frå dei statlege arbeidsplassane som i dag ligg i sterke nynorskområde, er at dei er gode på å halde språklova og at dei ofte gjer meir enn det som minimum er forventa av dei for å sikre jamstillinga mellom språka. Difi (no Digitaliseringsdirektoratet) på Leikanger og Lotteri- og stiftelsestilsynet i Førde er mellom dei som er best i klassen på nynorskbruk på nett.

Diku, Difi, Distriktsenteret, Havforskningsinstituttet, Klagenemndssekretariatet og Lotteri- og stiftelsestilsynet er alle statlege organ underlagde noverande mållov, og dei oppfyller lova. Det er 22 organ som, ifølgje Språkrådet sin statistikk, oppfyller språklova sine krav om minst 25 prosent nynorsk på nettsidene. Av dei ligg 15 i eit nynorskfylke, eller har eitt av fleire kontor i eit nynorskfylke. Dette syner at viljen og den faktiske prioriteringa til å følgje opp krav om språkleg jamstilling er størst i dei organa som held hus i eit område med mykje nynorskbruk.

- **Ei desentralisering av statlege tenester vil altså ikkje berre halde oppe busetnaden i distrikta, men òg sikre meir nynorskbruk i staten, og utvikling og bruk av nynorsk terminologi på ulike fagområde.**